



Til

Lindås kommune  
v/ sakshandsamar

Gjenpart til:

Geir Styve  
NGB

Vår ref

2011225\_LK\_svar\_stoppordre\_bysok\_gnr202\_bnr3\_1263.docx

Deres ref

14/1712-14/16783

Dato

30. juli 2014

## GNR 202 BNR 3 HJELMÅS

### SAK: SVAR - STOPPORDRE ETTER PBL § 32-4/PÅLEGG OM SIKRINGSTILTAK ETTER PBL § 28-2

Vi viser til Dykker brev av 9.7.2014 med referanse:

- 14/1712-14/16782 - Trong for tilleggsdokumentasjon....
- 14/1712-14/16783 - Stoppordre etter pbl § 32-4....

I tillegg viser vi til vår søknad av 17.2.2014, epost korrespondanse ( 4-epostar av 10.7, 1-epost av 11.7 og epost av 17.07.2014). Kopi av epostkorrespondansen, vert sendt som eigne vedlegg i saka.

*Vårt firma er opptatt av å følgja gjeldande lovverk (i denne saka Plan- og bygningslova). I tillegg har vi til hatt fokus på HMS ( helse- miljø og sikkerhet) i alle byggjeprosjekt vi har hatt ansvar for. Fram til dags dato har vi ikke hatt noko personulykke i våre prosjekt. Vi har også hatt fokus på å ha eit godt og konstruktivt samarbeid med kommunen i byggjesaker.*

#### Vi er noko undrande til måten kommunen reagerer i denne saka.

Vårt firma søkte om løyve til tiltak knytt til infrastrukturen i det regulerte området 17.02.2014. Vi fekk ingen tilbakemelding fra kommunen på dei innsendte papira. Etter 5 veker konkluderte vi med at kommunen ikkje hadde noko merknad til vår søknad. Nordhordland Grunn og Betong (NGB) starta arbeida på staden.

Vi har i heile prosessen vore open over for kommunen om at det vart utført arbeid i området. T.d har vi hatt møte med VA-avdelingen i kommunen om krav knytt til leidningsnett mv.

Fram til vi fekk brev frå kommunen datert 9.7 ( 20 veker etter vi sendte inn søknaden) har alle aktørar lagt til grunn at arbeida var lovlege.

#### Arbeida er prosjektert og er i samsvar med godkjent reguleringsplan


Vi svarte og sendte over etterspurt underlag straks vi fekk førespurnad om tilleggsinfo frå kommunen. Same dokumenta var klare og kunne vore sendt til kommunen før vi starta arbeidet.

Prosjektet var ferdig prosjektert før oppstart i terrenget og basert på godkjent reguleringsplan. Entreprenør utfører alle arbeid basert på digitale kartdata frå prosjekteringsgrunnlaget ( vi nytter Gemini Terreng for veg og VA-anlegg).

Det står berre igjen å avklare kumdetaljer for del av vassleidning som kommunen skal ha ansvar for. Her viser vi til eige møte med VA-avdelingen.

## Det praktiske arbeidet på staden

I ein byggjefase er det ein del midlertidige arbeid som kan sjå kaotisk ut frå utsida. I denne saka har vi t.d arbeid med å masseutskifte eit større myrområde kombinert med tilkjøring av steinmasser og noko sprengning. I tillegg til dette har det vore behov for å masseutskifte og justere deler av den eksisterande vegen. I samband med dette har ein midlertidig lagt om tilkomstvegen.



Alle berørte partar har vore godt informert om kva som skjer. T.d i samband med sprengning i eksisterande veg, måtte ein stengja kjørevegen nokre dagar. Dette vart avtalt med naboar og vart løyst utan problem.

## HMS

*Først og det viktigaste* - det har ikkje skjedd skader verken på personar eller utstyr i byggjefasen.

Sikkerheit har vore vurdert i heile byggeperioden. Fram til tidleg i juni var all anleggstrafikk på midlertidig utlagt veg i myra langs vegen inn i området. Like før ferien starta ein opp masseutskifting i deler av eksisterande veg. I samband med dette vart vegen inn i området midlertidig dirigert inn på den etablerte anleggsvegen (var informert om til alle berørte). I samband med denne omlegginga, der den ordinære trafikken inn i området vart berørt, var det planlagt oppsett av sikringsgjerde langs vegen i tillegg til at

entreprenør sikra områda best mogleg uavhengig av gjerde. Gjerde er no på plass men vart dessverre sett opp noko seint knytt til at det vart levert seint. (Kopi av deler av sikringa er vedlagt i eige dokument).

## Kva med å ta ein telefon?

I denne saka hadde det vore mogeleg å ta ein telefon, eller eit raskt møte både om info i byggjesaka og kontroll med sikring på byggjeplassen. Då kunne vi ha avklart det meste og sendt over dokumentasjonen.

Vi hadde all dokumentasjon ferdig men var ikkje kjent med at kommunen mangla underlaget. Straks vi fekk breva, vart alt som var etterspurt oversendt til kommunen. Vi var opne for både møte og felles synfaring.

I denne saka er vår meining at kommunen overreager og trykkjer på med alt ein har av lovparagafar. At alt kunne vore unngått dersom kommunen hadde tatt tak i saka innan svarfrist, ser ein heilt bort frå.

Som sagt er vi opptatt av ryddig og riktig handsaming av byggjesaker og fokus på trygge arbeidsplassar for alle. Gjer vi feil i våre arbeid, ynskjer vi konstruktiv og smidig tilbakemelding. Saman kan vi då få til gode rutiner til beste for alle. Vi har ingen ynskje om å lure nokon eller utføra arbeid som fører til risiko for skader.

## VI ANMODAR OM RASKT SVAR FRÅ KOMMUNEN FOR Å UNNGÅ VIDARE STANS

Vi meinar at alt som er gjort er lovleg utført og at eventuelle mangler ved sikringstiltak no er utbetra på staden.

Kommunen bør sjå at manglande handsaming frå kommunen inkl manglande svar (slik vi vart lova) etter stoppordre, fører til urimeleg belastning og kostnad for tiltakshavar.

Vi vonar at kommunen ser at saka handlar om infrastrukturen i eit godkjent regulert byggjefelt. Det vert sendt inn eigne byggjesøknader knytt til dei enkelte husa i området.



Figur 1 - Illustrasjon av området for konsentrert busetnad- der det foregår arbeid

Vi anmodar om at:

1. Kommunen trekkjer varsel om byggjestopp slik at entreprenør kan starte vidare arbeid frå 4.8.2014.
2. Lar vere å krevja gebyr knytt til stans
3. Handsamar formelt byggjesøknad og oppstartsløyve positiv.

Som opplyst tidlegare, stiller vi gjerne i møte eller tar del i synfaring på staden.

Vi vonar at kommunen ser det uheldige i saka slik den no står.

Venleg helsing  
for  
ADU Ingeniør Atle D. Utkilen

Atle Utkilen  
tlf 56168082 / 97067161